

Stad kommune

► Moglegheitstudie

Forprosjekt Prestevika aust

Mel reinseanlegg

Oppdragsnr.: **52402569** Dokumentnr.: **005** Versjon: **J01** Dato: **2025-02-03**



Oppdragsgiver: Stad kommune
Oppdragsgivers kontaktperson: Åse-Birgitte Berstad
Rådgiver: Norconsult Norge AS, Postvegen 3, NO-6770 Nordfjordeid
Oppdragsleder: Lars Ivar Kjesbu
Fagansvarlig: Joakim K. Myklebust
Andre nøkkelpersoner: Karoline B. Næss, Torgrim N. Eriksen, Ketil Nord, Elise Skottene, Trond Sekse

J01	2025-02-03	For publisering	JoaMyk	AskGul	LarKje
D	2025-01-16	For godkjenning oppdragsgjevar	JoaMyk	AskGul	LarKje
Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavretsiden tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Samandrag

I denne moglegheitsstudien for nytt sekundærreinseanlegg i Prestevika aust har Norconsult kartlagt naudsynt areal for bygg og vurdert ulike alternativer for etablering av byggegrunn i sjø. Føresetnaden for arbeidet har vore å redusere arealbruken i sjø, foreslå føringar for å oppnå god formgjeving på bygg og landskap, samt å sikre allmenn tilkomst til fjordfronten. Gjennom reduksjon av arealbruk til utfylling reduserer ein konsekvensane for marint naturmangfald.

Samanstilling av alternativa

Det er vurdert utfyllingsløysingar, kai- og spunktai med tilfylling. For dei ulike alternativa er det vurdert naturkonsekvens



Referansealternativ



Alternativ 1



Alternativ 2A



Alternativ 2B



Alternativ 3



Alternativ 4



Alternativ 5 & 6

Miljøpåverknad

Det er påvist ålegrasenger i og utanfor planområdet i indre del av Eidsfjorden. Ålegras er ein viktig naturtype som huser svært mange arter, og som er sårbar for bl.a. arealbeslag i sjø.

Auka rensegrad på avløpsvatnet grunna gjennomføringa av tiltaket vil truleg ha positiv effekt på resterande ålegrasenger i området, då desse i dag er prega av menneskeleg påverknad i form av algevekst.

Alternativ 5 med kailøysing, har minst innverknad på marint naturmangfold av alle alternativa, men er vesentleg dyrare enn løysinga med utfylling i sjø. Peling krev eit lite arealbeslag, berre arealet i direkte samanheng med dei enkelte pelane, og gjev mindre partikkelspreiing i anleggsfasen samanlikna med utfylling. Merk at dersom det må mudrast eller sprengast i samband med peing, kan dette føre til større arealbeslag i dei berørte områda, samt større grad av partikkelspreiing i anleggsfasen.

Alternativ 6 med spuntlösning inneber det minste utfyllingsvolumet, og medfører mest sannsynlig mindre grad av partikkelspredning i anleggsfasen dersom spuntveggen blir installert før utfylling. På grunn av mindre arealbeslag og partikkelspredning vert alternativ 6 rangert som det nest beste alternativet med omsyn til marint naturmangfold. Sidan alternativet er dyrast og nest best med omsyn til miljøpåverknad er ikkje dette alternativet aktuelt.

Av alle alternativ som kun inneber utfylling i sjø (utan spunt), vert alternativ 4 rangert som det mest eigna alternativet med omsyn til påvirkning på marint naturmangfold. Alternativet inneber større påverknad enn kai- og spuntlösingane (alternativ 5 og 6) ettersom det medfører større utfyllingsvolum på sjøbotnen. Alternativ 4 medfører mindre volum av utfyllingsmassar enn dei andre utfyllingsalternativa, og dermed mindre arealbeslag og spreiing av partiklar i vatnet. Det medfører òg mindre utvasking av nitrogen, dersom fyllmassane er sprengstein. Alternativ 4 medfører derfor minst belasting på det marine miljøet av alle utfyllingsalternativa.

Kostnadsprognose

Sidan prosjektet er i ein tidleg fase med overordna teikningsgrunnlag, er kostnadsprognosane gjevne som eit spenn frå lågt til høgt estimat. Kalkylane viser at det lågaste estimatet for den rimelegaste løysinga er 6 millionar kroner eks. mva. (2024), medan det høgaste estimatet for den dyrare løysinga er 56 millionar kroner. Alternativ 4 er det rimelegaste alternativet av utfyllingsløysingane, med eit lågt estimat på 6 millionar og eit høgt estimat på 11 millionar kroner eks. mva. Alternativ 5 er nest dyrast av alternativa med lågt estimat på 20 og høgt estimat på 36 millionar kroner eks. mva.

Samla vurdering

Alternativ 3 og 4 gir tilstrekkeleg byggegrund for å etablere reinseanlegg og allmenn tilkomst til strandsona. Alternativ 3 etablerer meir areal i strandsonen og gjev betre tilgang for allmenta medan alternativ 4 har mindre utfyllingsvolum som gjev mindre påverknad på naturmangfold. Begge alternativ påverkar likevel marint naturmangfold, og det må vurderast i tråd med naturmangfaldlova (§§ 8-12 og eventuelt KU-krav) før ein kan avgjere om det er aktuelt å føre løysinga vidare i forprosjekt.

Alternativ 5 vil føre til minst miljøpåverknad av alternativa som er vurderte i denne moglegheitsstudien. Det blir tilrådd å vurdere å inkludere alternativet i KU for å få fram forskjellar mellom alternativa når det gjeld konsekvensar for marint naturmangfold. På grunn av det svært høge kostnadsoverslaget for dette alternativet, kan ein ikkje tilrå det som ei faktisk løysing eller som grunnlag for eit forprosjekt.

► Innhold

1	Om mogleheitsstudien	6
1.1	Minimering av arealbruk	7
1.2	Tilkomst og manøvrering	7
1.3	Krav til arkitektur og stadstilpassing	7
1.4	Fjordfront med tilgang til ålmenta	7
1.5	Føresetnader som er lagt til grunn	7
1.6	Kulturminne	8
2	Minimering av arealbruk	9
2.1	Referansealternativ	9
2.2	Alternativ 1: Bygning vendt mot naustrekka i Prestvika med langside mot riksveg	11
2.3	Alternativ 2A: Bygg delt i prosess- og kontordel	13
2.4	Alternativ 2B: Bygg delt i prosess- og kontordel parallellt med naustrekka	15
2.5	Alternativ 3: Bygg med vinkel	16
2.6	Alternativ 4: Minste moglege utfylling	18
2.7	Alternativ 5: Kai på peler	20
2.8	Alternativ 6: Spunt og fylling	22
3	Kostnadsprognose	24
3.1	Føresetnader	24
3.2	Grunnkalkyle for alle alternativ i mogleheitsstudien	25
4	Krav til arkitektur og stadstilpassing	27
5	Fjordfront med tilgang til ålmenta	28
6	Referanser	29

1 Om moglegheitsstudien

Denne moglegheitsstudien for Mel Reinseanlegg er ein del av arbeidet med forprosjekt for Mehl Reinseanlegg. Sentralt for arbeidet er vedtaket i Stad kommunestyre (Sak KS-24/033, punkt 2).



Stad kommunestyre, sak KS-24/033, punkt 2:

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd forprosjekt for nytt sekundærreinseanlegg på Mel. Forprosjektet skal omfatte vurdering av ny reinseteknologi, minimering av arealbruk (1), sette høge krav til arkitektur- og stadstilpassa utforming i høve bygningsmasse (2) og fjordfront med tilgang til ålmenta (3).

Markering (1), (2) og (3) er tilføyd av Norconsult.

I denne moglegheitsstudien er det gjort vurdering av omfang på areal- og volum for reinseanlegg, ulike utfyllingsløysingar og ulike teknikkar for å etablere byggegrunn for reinseanlegget. For alle alternativa er det gjort ei overordna vurdering av miljøpåverknad og kostnad

I samband med planarbeidet vart det gjennomført ei kartlegging av marint naturmangfold i sjøen sommaren og hausten 2024 (Norconsult AS, 2024). Det vart registrert fleire ålegrasenger, som er ein viktig naturtype, både i og utanfor planområdet i den indre delen av Eidsfjorden. Påverknaden på marint naturmangfold vert i dette moglegheitsstudiet primært vurdert i lys av arealbeslag og partikkelspreiing under anleggsfasen. Ei meir detaljert vurdering av tiltaket og konsekvensane for marint naturmangfold vil bli gjennomført i ei konsekvensutgreiing (KU) når alternativa er valde. For alle alternativ blir det rekna ut volum for fyllmasser. Programmet som er brukt (Infraworks) gir ikkje eksakt volum, då noko av den gamle fyllinga til naust og eksisterande reinseanlegg blir med i berekninga. Unøyaktigheita i grunnlaget for volumberegningane er den same for alle alternativa.

Fotavtrykket og volum på renseanlegget er meint å sikre omsynet til bruk av ny reinseteknologi. Bygningen sitt fotavtrykk og volum blir endeleg avklart ved anskaffing av reinsanlegg. Volumet i moglegheitsstudien er dimensjonert romsleg nok til å passe ulike reinseteknologiar og representerer derfor eit maksimumsalternativ med omsyn til val av reinseteknologi.

1.1 Minimering av arealbruk

Det er gjort vurderinger av tradisjonelle utfyllingsløysingar av ulikt omfang. For to av dei mest arealeffektive alternativa er det gjort vurdering med alternative måtar for fundamentering. Sjå punkt 2.

1.2 Tilkomst og manøvrering

Alternativ 1 har høve for tilkomst med lastebil frå sør og aust. Dei øvrige alternativa har tilkomst kun frå aust. Alternativ 2 har også høve for tilkomst frå nord, men dette kjem innafor arealet som er innanfor byggegrensa mot Rv15. Dette er uheldig, då ein blir avhengig av at dette området ikkje skal brukast til noko av Statens Vegvesen i framtida. Bygget bør difor ikkje vere avhengig av manøvreringsareal innanfor byggegrensearealet. Generelt vil tilkomst berre frå aust vere tilstrekkeleg for å løysa den nødvendige logistikken.

1.3 Krav til arkitektur og stadstilpassing

Det er som del av studien i kapittel 4 vist til ulike referanseprosjekt som i ulik grad klarer å kombinere funksjonalitet og estetikk, og som tilfører romlege kvalitetar gjennom overflatebehandlingar, romlegheit og god formgjeving.


1.4 Fjordfront med tilgang til ålmenta

Ambisjonen til KS-vedtaket er at fjordfronten skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Det er derfor lagt til grunn tilkomst til sjø med fyllingsskråning på 1:2. For utforming av tilkomsten er det vist til referanseprosjekt og anbefalingar som er gjort av Norconsult i strategien for fjordfronten i sentrale delar av Bergen (sjå kapittel 5).

1.5 Føresetnader som er lagt til grunn

For utviklinga av alternativa er det lagt til grunn nokre føresetnader. Desse baserer seg mellom anna på krav frå Statens Vegvesen, utførte geotekniske undersøkingar og kartlegging av naturmangfold i sjø. Føresetnadene er som følgjer:

- Bygg: Fotavtrykk 1 050 m² og bygningshøgde på 12 meter (frå kote +3).
- Nærare kriterium for utforming av bygg er ikkje sett. Det er vist ulike referanser for utforming.
- For å sikre tilstrekkeleg fleksibilitet med omsyn til val av renseteknologi i kommande fase, er det utarbeidd eit romprogram med eit fotavtrykk på 1050m². Dette arealet er noko høgt, men gir fleksibilitet og moglegheit for ulike renseteknologiar.
- Avkjørsel er lagt inn der eksisterande avkjørsel er, med hjørneavrunding R=9. Det bør vere rett strekk på om lag 15 meter før køyrebanekanten, slik at



Figur 1: situasjonsplan med justert geometri avkjørsel og maks fylling topp.

dimensjonerande køyretøy får retta seg opp før dei kører ut på vegen. Sikt i avkjørsel er lagt opp til 6x60 meter (60 km/t)

- Byggegrense frå senterlinje riksveg er sett til 15 meter for å sikre tilstrekkeleg plass til eventuell gang- og sykkelveg i framtida. Området innanfor byggegrensa kan derfor ikkje vere del av areal som er nødvendig for å sikre parkering og/eller manøvrering inn mot eventuelle portar på reinseanlegget
- Det er behov for 12 meter oppstillingsplass for lastebil samt minst 10 meter til manøvrering, helst på to sider av bygget. Til saman 22 meter.
- Mot naust er det nødvendig med eit areal med 6 meter breidde for å sikre tilkomst
- Topp fylling skal liggje innanfor maks fylling topp i situasjonsplanen (med omsyn til områdestabilitet).
- Ønske om 4 meter tilkomst rundt bygning for vedlikehald m.v. I nokre av alternativa er dette mindre enn 4 meter.
- Det er påvist ålegrasenger i og utanfor planområdet (Norconsult AS, 2024; Norconsult AS, 2024). Pågåande vurderingar i arbeidet med KU for marint naturmangfold viser at ålegrasengene i indre del av Eidsfjorden har verdien A – svært viktig., jfr. DN-håndbok 19 (NIVA v/ Trine Bekkby m. fl., 2019; Miljødirektoratet, 2023). Ålegrasenger er mellom anna sårbare for direkte arealinngrep (Havforskningsinstituttet, 2023).

1.6 Kulturminne

Det er ein ballasthaug i området og kun med dei dyraste alternativa (5 og 6) vil ein redusere risiko for at desse vert påverka. Alle alternativ medfører risiko for påverknad på ballasthaug. Plassering av ballasthaug er vist i utsnitt for alternativ 5. Det kan vere at omfanget av ballasthaugane er annleis enn det som er fanga opp på flyfoto, dette må eventuelt kartleggast nærmare i samråd med kulturminnemynde.

2 Minimering av arealbruk

2.1 Referansealternativ



Figur: Referansealternativ

Referansealternativet er eit samanlikningsalternativ som viser naudsint storrelse på utfylling med tilkomst frå to sider og eit rektangulært bygg på 1050 m² plassert inntil byggrensa.

Alternativet har følgjande eigenskapar:

- Bygg og fylling vist i situasjonsplan
- Tilkomst til bygg frå aust og sør. Alternativet er det einaste med to sider med tilkomst.
- Volum på fylling: 22 970 m³

Vurdering

Naturmangfold: Det er påvist ålegras i planområdet. Ålegrasenga her har verdi A - svært viktig i høve til DN-19 (NIVA v/ Trine Bekkby m. fl., 2019). Ålegrasenger har viktig økologisk verdi ettersom dei husar mange artar. Utfylling på sjøbotnen vil føre til direkte arealbeslag og reduksjon i størrelsen på enga. Enga under utfyllinga vil forsvinne heilt, utan høve til reetablering på same lokasjon.

Referansealternativet fører til det største arealbeslaget på sjøbotnen av alternativa, og er derfor ikkje eit gunstig alternativ av omsyn til marint naturmangfold.

Auka rensegrad på avløpsvatnet grunna gjennomføringa av tiltaket vil truleg ha positiv effekt på resterande ålegrasenger i området, då desse i dag er prega av menneskeleg påverknad i form av algevekst.

2.2 Alternativ 1: Bygning vendt mot naustrekka i Prestvika med langside mot riksveg



Figur: Alternativ 1

Alternativ 1 er ei optimalisering av referansealternativet der det same bygningsvolumet er slik at deler av bygningen står parallelt med naustrekka og fyllinga er redusert.

- Fotavtrykk: 1050 m²
- Tilkomst frå aust og nordvest
- Volum på fylling: 16 397 m³

Vurdering

Naturmangfald: Det er påvist ålegras i planområdet. Ålegrasenga her har verdi A - svært viktig i følge DN-19 (NIVA v/ Trine Bekkby m. fl., 2019). Ålegrasenger har viktig økologisk verdi ettersom dei husar mange artar. Utfylling på sjøbotnen vil føre til direkte arealbeslag og reduksjon i engas storleik. Enga under utfyllinga vil forsvinne heilt, utan moglegheit for reetablering på same lokasjon.

Alternativ 1 fører til eit relativt stort arealbeslag på sjøbotnen, og er ikkje eit gunstig alternativ av omsyn til marint naturmangfald.

Auka rensegrad på avløpsvatnet grunna gjennomføringa av tiltaket vil truleg ha positiv effekt på resterande ålegrasenger i området, då desse i dag er prega av menneskeleg påverknad i form av algevekst.

2.3 Alternativ 2A: Bygg delt i prosess- og kontordel



Figur: Alternativ 2A

Variant 2A og 2B har like stort areal, men bygningsvolumet har ulik orientering.

I forslag 2 er prosess- og kontordel oppdelt. Kortsida på bygget er lagt mot riksvegen. Varianten har følgjande eigenskapar:

- Fotavtrykk: 1050 m²
- Tilkomst frå aust og nordvest.
- Volum på fyllingsmassar: 16 466 m³

Vurdering

Naturmangfold: Det er påvist ålegras i planområdet. Ålegrasen har verdi A - svært viktig i følge DN-19 (NIVA v/ Trine Bekkby m. fl., 2019). Ålegrasenger har viktig økologisk verdi ettersom dei husar mange

artar. Utfylling på sjøbotnen vil føre til direkte arealbeslag og reduksjon i engas storleik. Enga under utfyllinga vil forsvinne heilt, utan moglegheit for reetablering på same lokasjon.

Alternativ 2Afører til eit relativt stort arealbeslag på sjøbotnen, og er ikkje eit gunstig alternativ av omsyn til marint naturmangfald.

Auka rensegrad på avløpsvatnet grunna gjennomføringa av tiltaket vil truleg ha positiv effekt på resterande ålegrasenger i området, då desse i dag er prega av menneskeleg påverknad i form av algevekst.

Tilkomst og manøvrering: Tilkomst til bygget og portar for større køyretøy blir berre på austveggen. Det må sikrast 22 meter manøvreringsareal her.

2.4 Alternativ 2B: Bygg delt i prosess- og kontordel parallellt med naustrekka



Figur: Alternativ 2B

Variant 2 har lik inndeling i kontor- og prosessdel som variant 1, men bygget er vridd i same retning som nausta. Alternativet har følgjande eigenskapar:

- Prosessdel 850 m²
- Kontordel 200 m²
- Tilkomst frå aust
- Volum på fylling: 14 115 m³

Vurdering

Med bygget plassert i naustretning vil kontordelen måtte ligge inntil nordsida av eksisterande reinseanlegg for å få tilstrekkeleg manøvreringsareal. Det blir bygd ein inntakskum i tilknyting til eksisterande reinseanlegg som då vil kome i konflikt med kontordelen. Varianten blir difor ikkje vurdert nærare.

2.5 Alternativ 3: Bygg med vinkel



Figur: Alternativ 3

Alternativ 3 har «optimalisert» bygningsform med knekk for å kunne redusere fyllingen.

Alternativet har følgende eigenskapar:

- Bygg med knekk
- Tilkomst frå aust
- Volum på fylling: 14 101 m³

Vurdering

Naturmangfold: Det er påvist ålegras i planområdet. Ålegrasenga her har verdi A – svært viktig i henhold til DN-19 (NIVA v/ Trine Bekkby m. fl., 2019). Ålegrasenger har viktig økologisk verdi ettersom dei huser mange

artar. Utfylling på sjøbunnen vil føre til direkte arealbeslag og reduksjon i engens storleik. Engen under utfyllinga vil forsvinne heilt, utan moglegheit for reetablering på same lokasjon.

All reduksjon i omfanget av arealbeslag vil vere mindre negativt for marint naturmangfald. Det inneber at alternativ 3 blir rangert som det fjerde beste alternativet med omsyn til marint naturmangfald på grunn av storleiken på fyllinga. Auka rensegrad på avløpsvannet som følgje av gjennomføringa av tiltaket vil truleg ha positiv effekt på attverande ålegrasenger i området, då desse i dag er prega av menneskeleg påverknad i form av algevekst.

Tilkomst og manøvrering: Tilkomst til bygget og portar for større køyretøy blir kun på austveggen. Det må sikrast 22 meter manøvreringsareal her. Alternativet etablerer noko meir areal i strandsonen og gjev betre tilgang for allmenta enn alternativ 4.

2.6 Alternativ 4: Minste moglege utfylling



Figur: Alternativ 4

Alternativ 4 kombinerer ei mindre fylling med ein lett kaikonstruksjon med tilstrekkeleg manøvreringsareal i aust. Bygget er fundamentert på fyllinga og areal for tilkomst til bygget og sjø skjer frå ein mindre kai.

Alternativet har følgjande eigenskapar:

- Bygg med knekk
- Bryggekonstruksjon på utsida av bygget
- Tilkomst frå aust
- Volum på fylling: 10 887 m³

Vurdering

Det er påvist ålegras i planområdet. Ålegrasenga her har verdi A – svært viktig i henhold til DN-19 (NIVA v/ Trine Bekkby m. fl., 2019). Ålegrassenger har viktig økologisk verdi ettersom dei huser mange artar. Utfylling på sjøbunnen vil føre til direkte arealbeslag og reduksjon i utbreiinga av enga. Enga under utfyllinga vil forsvinne heilt, utan moglegheit for reetablering på same lokasjon.

Kvar ein reduksjon i omfanget av arealbeslag vil vere mindre negativt for marint naturmangfald. Ved å erstatte delar av utfyllingsarealet med brygge, kan arealet i sjø under bryggja fungere som skjul for artar som tilhører attverande ålegraseng, i tillegg til forbipasserande artar. Dette alternativet har noko mindre volum av utfyllingsmassar samanlikna med dei andre alternativa (med unntak av spuntløysing, alternativ 6) og medfører dermed mindre arealinngrep og lågare grad av partikkelspreiing i vassmassane. Dersom utfyllingsmassane består av sprengstein, vil dette alternativet òg føre til mindre utvasking av nitrogen samanlikna med dei andre alternativa. Dette bidreg til redusert belastning på det marine miljøet.

Av alternativa som berre omfattar utfylling i sjø (utan spuntvegg), blir alternativ 4 vurdert som det mest gunstige med omsyn til marint naturmangfald. Det må likevel merkast at dette alternativet er mindre gunstig enn alternativ 5 (kai på pelar) og 6 (spuntløysing). Vurderinga er avhengig av at det faktiske arealet avgrensa av fyllingsfoten blir redusert ved ei nedskjering i utfyllingsvolumet. Auka reinsegrad på avløpsvatnet som eit resultat av tiltaket vil truleg ha ein positiv effekt på dei attverande ålegrasengene i området, då desse i dag er påverka av menneskeleg aktivitet gjennom algevekst.

Tilkomst og manøvrering: Tilkomst til bygget og portar for større køyretøy blir kun på austveggen. Det må sikrast 22 meter manøvreringsareal her.

2.7 Alternativ 5: Kai på peler



Figur: Alternativ 5

Alternativ 5 er ein kaikonstruksjon etablert på peler. Dette alternativet medfører mindre utfylling i sjø fordi reinseanlegget blir etablert på kaidekke. Tilkomst til sjø og sidene av bygget er oppe på kaikonstruksjonen.

Alternativet har følgjande eigenskapar:

Bygg med knekk

- Arealet på utsida av bygget er bryggekonstruksjon
- Tilkomst fra øst
- Uten fylling
- Større potensiale for bevaring eller delvis bevaring ballasthaug, men omfanget av dette er uavklart.

Vurdering

Naturmangfold: Det er påvist ålegras i planområdet. Ålegrasenga her har verdi A – svært viktig i henhold til DN-19 (NIVA v/ Trine Bekkby m. fl., 2019). Ålegrasenger har viktig økologisk verdi ettersom dei huser mange artar. Enhver reduksjon i omfanget av arealbeslag vil vere mindre negativt for marint naturmangfald.

Peling inneber eit lite arealbeslag, kun arealet i direkte samanheng med dei enkelte pelene, samt betydeleg mindre grad av partikkelspreiing i anleggsfasen samanlikna med utfylling. Dersom det må mudrast eller sprengast i samband med peling, kan dette føre til arealbeslag i berørte areal, samt større grad av partikkelspreiing i anleggsfasen.

Ålegras som er lokalisert under bryggekonstruksjonen vil sannsynlegvis forsvinne, ettersom arten er avhengig av lys, som anna sjøgras (Longstaff, 1999).

Ved å erstatte heile utfyllingsarealet med ei kaikonstruksjon, kan arealet i sjøen under bryggja fungere som skjul for artar som hører til dei attverande ålegrasengene, i tillegg til forbipasserande artar. Å unngå utfylling i sjø er også fordelaktig, ettersom dette vil redusere partikkelspreiing og utvasking av nitrogen dersom utfyllingsmassane er sprengstein. Auka rensegrad på avløpsvannet som følgje av gjennomføringa av tiltaket vil truleg ha positiv effekt på attverande ålegrasenger i området, då desse i dag er prega av menneskeleg påverknad i form av algevekst.

Dette inneber at alternativ 5 er det beste valet med omsyn til marint naturmangfald, då det ikkje omfattar utfylling i sjø og medfører det minste arealinngrepet i sjøen.

Tilkomst og manøvrering: Tilkomst til bygget og portar for større køyretøy blir kun på austveggen. Det må sikrast 22 meter manøvreringsareal her.

2.8 Alternativ 6: Spunt og fylling



Figur: Alternativ 6

Alternativ 6 er en spunktakai, dvs. lik alternativ 5 i utstrekning, men med tilfylte massar på innsida og med mindre arealbeslag frå fyllingsfot. Omfanget av utfylling for alternativ 6 er som 4, men utan fyllingsfoten.

Egenskaper ved alternativet:

- Bygg med knekk
- Arealet på utsida av bygget er ein bryggekonstruksjon
- Tilkomst frå aust.
- Volum på fylling: 7385m³

Vurdering

Naturmangfold: Det er påvist ålegras i planområdet. Ålegrasenga her har verdi A – svært viktig i henhold til M-1941. Ålegrasenger har viktig økologisk verdi ettersom dei huser mange artar. Utfulling på sjøbotnen vil føre til direkte arealbeslag og reduksjon i engens storlek. Enga under utfullinga vil forsvinne heilt, utan moglegheit for reetablering på same lokasjon.

All reduksjon i omfanget av arealbeslag vil vere mindre negativt for marint naturmangfald. Ved å erstatte delar av utfyllingsarealet med brygge, kan arealet i sjø under bryggja fungere som skjul for artar som tilhører attverande ålegraseng, i tillegg til forbipasserande artar.

Utfyllingsvolumet er kalkulert som det laveste samanlikna med dei andre alternativa, og utfyllinga vil vere bak ein spuntvegg (dersom spuntveggen blir installert først). Metode for spuntarbeid må avklarast på bakgrunn av m.a. grunnforhold og kan gjennomførast på ulike måtar som vil medføre ulik belastning på marint miljø i anleggsfasen. Graden av partikkelspreiing i anleggsfasen kan derfor variere, men ein kan anta at partikkelspreiing er mindre eller lik som ved utfylling i sjø.

Uansett vil eit mindre volum av utfyllingsmassar bak spuntvegg etter all sannsyn føre til mindre spreiing av partiklar i vassmassane, og mindre utvasking av nitrogen dersom fyllingsmassane er sprengsteinsmassar. Dette bidreg til redusert belasting på marint miljø. Dette fører vidare til at alternativ 6 vert rangert som det nest beste alternativet med omsyn til marint naturmangfald. Vurderinga føreset at ein kan etablere spuntveggen først og hindre spreiing av partiklar under utfylling i sjø og at ein oppnår reduksjon i utfyllingsvolum samanstilt med dei andre utfyllingsalternativa.

Auka rensegrad på avløpsvatnet grunna gjennomføringa av tiltaket vil truleg ha positiv effekt på attverande ålegrasenger i området, då desse i dag er prega av menneskeleg påverknad i form av algevekst.

Tilkomst og manøvrering: Tilkomst til bygget og porter for større kjøretøy blir kun på østveggen. Det må sikres 22 meter manøvreringsareal her.

Fleksibilitet renseteknologi: Dette alternativet vil som øvrige alternativ kreve kulvertløysing. I dette tilfellet må denne integrerast i kaikonstruksjon. Mengderegulering til rensing vil ikkje vere meir komplisert enn øvrige alternativ. Kaikonstruksjon vil ha høgare vedlikehaldskostnad enn sprengsteinfylling og / eller kortare levetid.


3 Kostnadsprognose

3.1 Føresetnader

Det er gjennomført sjøbotnkartlegging og grunnundersøkingar i forkant av moglegheitsstudien. Det er utført vurdering av stabilitet av sjøfylling med mudringsfot. I moglegheitsstudien er ulike alternativ vurderte med utgangspunkt i desse undersøkingane. Teikning- og modelleringsgrunnlaget for fyllingsløsingane (alternativ 1–4) er utarbeidd på eit heilt overordna nivå. For alternativ 5 og 6 er mengdeberekningane baserte på svært skjematiske teikningar.


Dette medfører at kostnadsprognosane blir oppgjevne som ein grunnkalkyle, som ikkje inkluderer forventa tillegg eller avsetninger for risiko og usikkerheit. Alle tal er oppgjevne i MNOK ekskl. mva., med 2024 som referanseår for kroneverdi.

På moglegheitsstudie-nivå er kalkylen å rekne som eit førsteanslag, og ho bør sjåast på som dynamisk og oppdaterast i seinare prosjektfaser etter kvart som meir informasjon vert tilgjengeleg. Vidare må risiko og usikkerheit analyserast grundig, og nødvendige avsetningar bør vurderast for å få eit meir robust kostnadsbilde. Kalkylen har som formål å presentere sentrale økonomiske konsekvensar på tilstrekkeleg nivå for å kunne foreta vegval i prosjektet.



Figur 2: Kostnadsanalyse, generelle prinsipp og terminologi

3.2 Grunnkalkyle for alle alternativ i moglegheitsstudien



Kalkyler for kostnader

Kalkylene viser at det lågast estimatet for den rimeligaste løysinga er 8 millionar kroner eks. mva. (2024), medan det høgaste estimatet for den dyrare løysinga er 56 millionar kroner.

Det er viktig å merke seg at denne kalkylen tar for seg etablering byggegrunn. Grunnerverv, infrastruktur i grunn for reinseanlegg samt sjølve reinseanlegget inngår ikkje i estimata. Kalkylene er utarbeidd for å gje eit samanlikningsgrunnlag mellom alternativa.

Presisjonsnivået er høgast for alternativ 1-4, medan det er større usikkerheit for alternativ 5 og 6. Det er gjennomført undersøkingar som gir eit betre grunnlag for å redusere usikkerheita for alternativ 1-4, som blant anna omfattar sjøkartlegging og stabilitetsvurdering.

For fyllingsalternativet kan ein forvente at usikkerheitsavsetninga ligg på 5-10 % basert på det geotekniske grunnlaget som er tilgjengeleg. Dersom alternativ 5 og 6 inneber arbeid frå sjø, kan usikkerheitsavsetninga vere i størrelsesorden 20-30 %

Kostnadsdrivarar

Den viktigaste kostnadsdrivaren for utfyllingsløysingane er gjenfyllingsarbeid, som står for 40-50 % av kostnadene, etterfulgt av massetransport med 15-20 %.

Teknisk grunnlag og usikkerheit

Det tekniske grunnlaget for alternativ 1-4 er overordna, og det må takast høgde for ein viss feilmargin i mengdeberekningane. Det er ikkje teke høgde for detaljerte anleggstekniske gjennomføringar, som for eksempel oppdeling av utfyllingsarbeidet i forbelastningsfase eller volumendringar som følge av setning over tid.

Dei viktigaste vurderingane om marint naturmangfald er baserte på estimerte utfyllingsvolum, som fører til ei viss usikkerheit på grunn av feilmarginar i berekningane. Vurderingane legg også til grunn at arealet som fyllingsfoten dekkjer, blir mindre dersom utfyllingsvolumet blir redusert

Risiko

Alternativ 1-4 har minst risiko for tekniske utfordringar men medfører større miljøpåverknad. På den andre sida har alternativ 5-6 størst risiko for tekniske utfordringar, men medfører mindre miljøpåverknad.

Tiltak mot sedimentspreiing

For alle alternativ er det gjort avsetning for tiltak mot spreiing av sediment. Avsetninga gjeld ordinær drift, men det er ikkje teke høgde for risiko knytt til ekstra værharde periodar og eventuelle driftsutfordringar som kan påverke tiltak mot sedimentspreiing eller framdrifta av anleggsarbeidet.

Lokalt næringsliv og kompetanse

Alternativ 1-4 kan ha større potensial for å involvere lokalt næringsliv, medan alternativ 5 og 6 kan krevje spesialisert kompetanse på enkelte område.

Vedlikehald og levetid

På eit overordna nivå er det generelt mogleg å dimensjonere alle løysingar for nødvendig og lang levetid. Detaljgraden i alternativa er likevel for låg til at dei kan vurderast opp mot kvarandre.

4 Krav til arkitektur og stadstilpassing

Nye Mel reinseanlegg skal etablerast ved tilkomsten til Nordfjordeid frå vest på sørsida av RV 15. Renseanlegget må harmonere med det omkringliggjande landskapet og eksisterande bygningsmiljø. Dette inneber å vurdere terreng, klima, natur og eksisterande strukturar for å sikre at anlegget er funksjonelt og har gode kvalitetar som bidreg til god tettstadsutvikling. I prosessen med reguleringsplanen peiker vi på dei to mest sentrale omsyna som kan bidra til god arkitektur og stadstilpassing.

Prosess

Ein entreprisestrategi basert på samspel der arkitekt og landskapsarkitekt samarbeider med totalentreprenør for prosess-/reinseanlegget kan legge til rette for god kombinasjon av formgjeving, tettstadsutvikling og rasjonelle tekniske løysingar. Formgjeving bør vere ein integrert del av prosessen med kontrahering av totalentreprenør.

Formgjeving

Som bygningstypologi er ofte reinseanlegg «innovervendt» og ein må sørge for at bygg og område har god framtoning. Samvirke mellom landskap- og bygning vil kunne bidra til at området får god formgjeving. Vi har elles samla ulike referanseprosjekt frå andre bygde eller planlagte reinseanlegg.



Øvst til venstre: Praksis Arkitekter, RA Inderøy

Øvst til høgre: iVest Consult, Kanalen RA

Nede til venstre: Angvik Grytnes Entreprenør, RA Molde

Nede til høgre: Rambøll, Gammelosen RA

5 Fjordfront med tilgang til ålmenta

Alle alternativ legg til grunn fjordtilgang for allmenta, anten med utforming av fylling med sti eller brygge med parti som gjev tilkomst til sjøen. Maksimalt fyllingsomfang og prinsipp for utforming skal fastsetjast i detaljregulering, medan endelig utforming blir avgjort i seinare fase.

Utfylling i fjorden endrar fjordflata og landskapsforma, og det er difor viktig at utforminga av fyllinga blir tilpassa eksisterande landskapsformer. Tilhøve som er viktige når ein planlegg sjøfront er korleis folk oppheld seg langs sjøfronten, for eksempel på og langs kaier, promenadar eller turvegar, og korleis ein kan redusere både fysiske og opplevde barrierar. Fyllinga ligg nær sentrum, og det er per i dag etablert aktivitet til naust og småbåthamn. Riksvegen er òg i dag ei barriere. I framtida vil det bli mest aktuelt å kople ein eventuell sti eller kaikant til gang- og sykkelvegen som går langs riksvegen og som er regulert i tilknyting til utbygginga på Nordøyane. Det vil i framtida truleg bli avgrensa med ferdsel i dette området, og tilrettelegging for opphold kan bli mindre aktuelt. Det viktigaste er å etablere ein landskaps- og stadstilpassa utforming av fyllinga med moglegheit for ferdsel og tilkomst til sjøen på enkelte punkt for å sikre allmenta tilgang til sjøfronten. Eit reinseanlegg vil kunne ha høgd på linje med industribygg og med landskapsformina bør ein bidra til god skalering av høgd på bygget slik at det vert god romdanning rundt.

Eit døme på utforming av tilgang til sjøen henta frå Strategi for Sjøfronten i Bergen sine sentrale delar er gitt under.



Øvst til venstre: Nonnestien langs Store Lungegårdsvann, Kirkebukten og Nordnesparken sjøfront som ligg på terregn.

Øvst i midten: Kaikant i Bergen opprinnelag bruk til hamne- og næringsformål.

Øvst høgre: Oppgradert havnepromenade Laksevågneset og Hegreneset i Bergen.

Nedst til venstre: Promenade langs høg kaikant utforma for ferdsel og opphold.

Nedst til høgre: Friområde som har god kontakt med sjøen, Laksevåg.

6 Referanser

Havforskningsinstituttet. (2023, 09 29). *Ålegrasenger og andre undervannsenger*. Henta frå <https://www.hi.no/hi/radgivning/marine-naturverdier-og-tiltak-i-kystsonen/marint-biologisk-mangfold/alegrasenger-og-andre-undervannsenger>

Longstaff, B. D. (1999). Seagrass survival during pulsed turbidity events: the effects of light deprivation on the seagrasses *Halodule pinifolia* and *Halophila ovalis*. *Aquatic Botany* 65, 105.

Miljødirektoratet. (2023). *Håndbok om konsekvensutredning av klima og miljø | M-1941*.

NIVA v/ Trine Bekkby m. fl. (2019). *Nasjonal kartlegging – kyst 2019. Ny revisjon av kriterier for verdisetting av marine naturtyper og nøkkelområder for arter*.

Norconsult AS. (2024). *DR-plan - Mel renseanlegg. Kartlegging av naturmangfold - Datarapport*.

Norconsult AS. (2024). *Kartlegging av ålegras - Nordfjordeid*.